

Kultur- og kyrkjedepartementet
Boks 8030 Dep
0030 OSLO

Vår referanse: 412 OG

Hovdebygda, 26. april 2004

HØYRINGSFRÅSEGN OM KOMPETANSESENTER FOR NORSK SPRÅK

Nynorsk kultursentrum takkar for høyringsdokument av 23.1.2004 og gir med dette sine overordna synspunkt på det nye kompetansesenteret for norsk språk. I høyringsdokumentet blir det stilt to klare spørsmål, men mykje av høyringsdokumentet har elles ei form som ikkje gjer det lett å gripe kva departementet vil.

Merknadene våre byggjer på drøfting i styret.

Behov for ein sterk og samla språkpolitikk

Stortinget har i handsaminga av kulturmeldinga slutta seg til alle hovudpunkta frå regjeringa. Det legg eit godt grunnlag for ein samla språkpolitikk i framtida, der vi særleg har merka oss den breie støtta til ein strategi for systematisk styrking av nynorsk skriftkultur det komande tiåret.. Det er likevel nødvendig å streke under at norsk språkpolitikk, som gjerne blir oppfatta som sterkt regulerande, i røynda har ein nokså svak status. Det ser ein når ein rører seg litt bort frå det som kunne kallast kjerneområdet for utøving av språkpolitisk praksis.

Vi trur difor staten må bli klarare i sin språkpolitikk, og at det nye kompetansesenteret her bør ha både ei sterk rådgivande rolle og klart definerte utøvande funksjonar. Det er no etablert ei semje om at tospråkspolitikken skal halde fram. Det inneber at merksemda både må rettast mot styrking av norsk språk generelt og mot styrking av det mindre brukte språket spesielt. Norsk språkråd har verka godt i arbeidet med å forsvare språkjamstillinga. Det bør også det nye senteret gjere i praksis.

Vi ventar ikkje at den nye institusjonen skal makte dette åleine. Her har både det allmenne og det institusjonelle landskapet endra seg sidan Norsk språkråd kom i gang i 1972. Vi tillet oss å peike på nyovringar som Nynorsk mediesenter i Førde, Nynorsk kultursentrum i Ørsta, Landssamanslutninga av nynorskkommunar og Ivar Aasen-instituttet. Til skilnad frå kompetansesenteret er ingen av desse forvaltningsorgan.

Det nye senteret bør arbeide ut eit strategidokument for sitt arbeid, og for norsk språkpolitikk, med breiast mogleg forankring. Som oppfølging av kulturmeldinga vil det vere ønskjeleg at denne på kort sikt inneheld målsetjingar for perioden fram til 2013. I tillegg bør det vere langsiktige målsetjingar av typen: Korleis bør den norske språksituasjonen vere i år 2105?

Regjeringa har i kulturmeldinga fått godt fram kor viktig det er med ein sektorovergripande samla språkpolitikk. Det er slike sektorovergripande grep som må prege både arbeidsmetodar og arbeidsområde for det nye kompetansesenteret.

Arbeidsfelt

Det er eit sentralt spørsmål om det nye senteret bør vere eit språkfagleg eller eit språkpolitisk organ. Kompetansesenter er gjerne meir eller mindre forskingsbaserte. Det vil vere urimeleg og lite føremålstenleg at det nye kompetansesenteret skal huse omfattande forskingsmiljø internt; der er mange og sterke miljø ved høgskular og universitet som kan ta seg av dette. Men der vil vere behov for målretta og instrumentell dokumentasjon som formelt sjølvstendige forskingsmiljø ikkje kan påleggjast utan vidare, og det vil vere nødvendig med ein kvalifisert dialog mellom senteret og desse ulike forskingsmiljøa. Den vil i framtida gå meir mellom administrasjon og forskarmiljø enn tilfellet kanskje har vore til no. Det nye kompetansesenteret må også ha handlingsrom for å initiere ulike typar utgreiingar; her er mange miljø å dra vekslar på.

Vi har ein viss sans for tanken om er prinsipielt for at kompetansesenteret bør vere eit organ for språk i Noreg, ikkje eit organ for norsk språk. Vi tek då straks det atterhaldet at det nye organet i ein slik situasjon ikkje gjer mindre for nynorsk enn Norsk språkråd har gjort, men heller prøve gjere endå meir. Omfanget av oppgåver organet kan ta på seg, vil avhenge av kva ressursar som blir stilte til disposisjon for arbeidet. Det kan godt hende at arbeidet for etniske minoritetsspråk og nasjonale minoritetsspråk vil gi betre resultat med andre institusjonelle løysingar enn at dette eine kompetansesenteret skal dekkje alt.

Nynorsk kultursentrum vil streke under at det haldningsskapande utoverretta arbeidet knapt kan overvurderast som arbeidsoppgåve for det nye senteret. På den faglege sida vil vi like sterkt framheve behovet for systematisk arbeid med fagterminologi. Tek ikkje det nye senteret hand om dette, er det eit svært ope spørsmål om andre instansar kan ta eit liknande ansvar.

Formell forankring

Det nye senteret bør absolutt vere eit tilsyns- eller kontrollorgan også. I dette ligg at det er den institusjonen som bør ha ansvaret for tilsyn med mållova. Då må ein del formalitetar på plass. Utviding av verkeområdet for mållova krev tilsyn i andre eller fleire former enn klagehandsaming. Våren 2004 er det blitt klart at stortingsfleirtalet stør regjeringa sine intensjonar om å utvide verkeområdet for mållova, men også at her må mykje avklarast, og det før det no går for lang tid. Med ei mållov som verkar vidare enn i dag berre aukar behovet for tilsyn og konstruktiv oppfølging.

Vi meiner det er viktig at kompetansesenteret blir tydeleg forankra i statsforvaltninga. Denne forankringa grunnir vi på tre måtar.

Vi har merka oss at Stortinget i vår får ein proposisjon om å oppheve lov om Norsk språkråd. Nynorsk kultursentrum legg stor vekt på at det nye organet har eit lovfesta grunnlag, for berre på den måten er organet tungt forankra. Det vil vere viktig i høve til årlege statsbudsjett der det alltid er lettast å kutte i det som ikkje er lovfesta. Ei lovfesting vil altså sikre grunnlaget for eit reelt handlingsrom.

Som nemnt ovanfor må organet få ein tilsynsrett med fullmakter til å rettleie, overvake og helst også sanksjonere norsk språkbruk i offentleg samanheng. Dette krev at oppgåvene er lovfesta. Lovfesting er også viktig for å gi organet tydeleg mynde i alle saker.

Det tredje momentet er at senteret verken må bli eit meir eller mindre frittflytande kunnskapssenter eller vere for personavhengig. Landet har frå nyår hatt ein svært synleg språkdirektør som har kome imponerande godt i gang. Over tid er det likevel institusjonen i seg sjølv som utgjer den tyngda dette senteret må ha i ein samla og sektorovergripande språkpolitikk.

Eit råd som dialogforum mellom forskarar og brukarar

Nynorsk kultursentrum meiner styre og administrasjon bør supplerast med eit breitt samansett råd. Her blir det mange omsyn å ta, men den grunnleggjande premissen bør framleis vere at begge dei to offisielle målformene er jamt representerte. Vi vil for vår del i denne omgang leggje mest vekt på at eit slikt råd trengst viss ein ønskjer å gjere kompetansesenteret til ein ny arena og møteplass for språkarbeid i landet. Eit slikt råd kan nettopp bli møteplassen for forumet for

dialog mellom språkforskarmiljø og brukarmiljø. Sagt på ein annan måte: Viss ikkje kompetansesenteret etablerer ein slik dialog, kven kan ein då vente vil gjere det? Vi meiner denne dialogen og dette brukarperspektivet har mykje å seie for den faktiske og praktiske utforminga av språkpolitikk i framtida.

Vi legg vekt på dette fordi vi er opptekne av kven det nye senteret skal vere til nytte for. Der er store brukargrupper som treng kvalifiserte råd og motiverande hjelpetiltak, og desse må ikkje kome i tvil om kvar dei kan vende seg og faktisk få den hjelpa dei treng. Sett utanfrå kan det verke som om Norsk språkråd til tider har arbeidd meir med rettskrivingsspørsmål enn med fornorsking og avløysarord. Jo meir globaliserte kultursamfunna blir, jo større blir behovet for både gode norske avløysarord og systematisk fornorsking. Når det gamle rådet fell bort, truleg også fagnemndene iallfall i si gamle form, vil meir av dette arbeidet falle på administrasjonen.

Vi trur også at eit breitt samansett råd vil vere av det gode i den bygginga av alliansar og nettverk som her må til. Dette vil også gjere det lettare å oppnå ei brei forankring for dei strategiske vegvala som skal gjerast i norsk språkpolitikk også i tiåra som kjem.

Samarbeid med Nynorsk kultursentrum

I kulturmeldinga peikar regjeringa på eit aktuelt samarbeid mellom det nye kompetansesenteret, Nynorsk mediesenter og Nynorsk kultursentrum. Det stør vi fullt ut, og i det små er vi vel alt i gang. Vi har for vår del sett det som mest føremålstenleg at direktørane i dei tre institusjonane møtest til ei første drøfting hausten 2004, når Nynorsk mediesenter formelt er i gang, og har ikkje ønskt å låse posisjonar eller konkretisere eit slikt samarbeid for mykje før denne formelle kontakten kjem på plass. Etter kvart kan det bli aktuelt med større forum for felles, målretta drøftingar av samarbeidstiltak. Nynorsk kultursentrum er godt i gang med planlegginga av prosjektsamarbeid med Noreg 2005, der eitt av dei prioriterte prosjekta er ein stor nordisk konferanse nettopp i samarbeid mellom kompetansesenteret og oss.

Ovanfor har vi peikt på ei rekkje oppgåver der alt vil liggje vel til rette for samarbeid mellom det nye kompetansesenteret og Nynorsk kultursentrum – frå haldningsskapande arbeid til målretta tiltak som kan gi resultat både på kort sikt og over lengre tid.

Med vennleg helsing

Nynorsk kultursentrum

Kari Bjørke (s)
styreleiar

Ottar Grepstad
direktør